



AVTALE OM LEIGE AV AREAL I NÆRINGSBYGGET

§1

Rune Farestveit leiger eit areal i næringsbygget av Modalen kommune i :

Modalen 1326
5729 Modalen

- Hall A (Lagerplass)
- Hall A (Lagerplass) (Verkstad)
- Hall B (Mekkehallen)
- Hall C (Lagerplass) *Båt*

§2

Hall A:

Leigeprisen er for hall A med føremål verkstad og lager er sett til kr. 400 pr. kvadratmeter pr. år. Storleiken på det utleigde arealet er:m2 nettoareal + 20 % for fellesareal.

Leigeprisen er for hall A med føremål lager sett til kr. 300 pr. kvadratmeter pr. år. Storleiken på det utleigde arealet er:m2 nettoareal + 20 % for fellesareal.

Hall B:

Leigeprisen er for hall B med føremål mekking på mekaniske innretningar er sett til kr. 250 pr. kvadratmeter pr. år stigande til kr. 350 pr. kvadratmeter pr. år etter 1 år. Storleiken på det utleigde arealet er:m2 nettoareal + 20 % for fellesareal.

Hall C:

Leigeprisen er for hall C med føremål lager er sett til kr. *407* pr. kvadratmeter pr. år. Storleiken på det utleigde arealet er: *24*.....m2 nettoareal + 20 % for fellesareal.

$$28,8 \text{ m}^2 \cdot 407 = 11.721,6 \text{ pr. år}$$
$$11.721,6 \div 12 = \underline{977 \text{ pr. mnd}}$$

§3

Modalen kommune kan i leigeperioden tilvise anna areal, dersom dette skulle vera naudsynt av omsyn til betre utnytting av arealet.

§4

Leigeavtalen gjeld frå : *1.10.22*

Det vert rekna leiga fram til nøkkel er levert attende til teknisk etat, kommunehuset.

Utan omsyn til §4, kan avtalen seiast opp av ein av avtalepartane med 1 månads varsel. Vert ikkje leiga betalt til rett tid, eller dersom andre av leigevilkåra ikkje vert oppfylt, opphøyrer leigeforholdet på dagen.

§5

Det er ikkje lov å driva vedlikehald og reparasjonar på bilar båtar og maskinar eller anna utstyr som vert lagra i hall c (Mabohallen) i Næringsbygget.

§6


Bilar, båtar, eller anna utstyr som ikkje er fjerna ved utløp av leigetida eller oppsigelsestida i §4, vert fjerna for eigaren si rekning.

§7

Framleige er ikkje tillete.

§8

Modalen kommune er ikkje ansvarleg for skade på bilar, båtar , eller skade på anna utstyr / folk.
Modalen kommune er heller ikkje ansvarleg for skadar på bilar, båtar, eller anna utstyr, som oppstår dersom tilkomsten til området er blokkert.



Modalen kommune



Leigetakar

 Modalen kommune